

ÅRSPLAN 2024/2025

HAUGELIA BARNEHAGE

Leikekroken


Telefon: 902 26 980

Armkroken

Telefon: 482 59 377



Visjonen til
barnehagen:
«Røtter &
vinger»



Innhald

Forord	5
Barnehagelova	7
Rammeplan for barnehagen	8
Haugelia barnehage	9
Felles visjon for barnehagane i Sande	11
Samarbeid barnehage/skule/helsestasjon/heim	11
Foreldremøte	12
Foreldresamtalar	12
Praktiske opplysningar	13
Foreldrebetaling:	13
Fråvær:	13
Mat:	14
Sjukdom:	14
Kle:	14
Bursdagar:	15
Soving:	15
Vigilo:	15
Forsikringar	15
Førskuleopplegg	16
Samarbeidsinstansar	16
Vurdering/dokumentasjon	17
Kartlegging	18

Planleggingsdagar.....	18
Fieriengt.....	18
Parkeringsplass:.....	18
Satsingsområder.....	19
PALS	19
Realfag.....	20
BTS – Betre Tverrfagleg Samhandling	21
Barn og unges helseteneste	22
Inkludering.....	23
ASK – Alternativ og supplerande kommunikasjon	24
Armkroken – «Kanin og Pinnsvin».....	25
Leikekroken – «Året rundt med Tambar».....	27
FORUT Barneaksjon.....	29
Livet&Sånn.....	30
Foreldresamarbeid	31
Val av FAU og SU	32
Armkroken.....	33
Leikekroken	34
Fagområda i rammeplanen	35
Kommunikasjon, språk og tekst	36
Kropp, rørsle, mat og helse	37
Kunst, kultur og kreativitet.....	38
Natur, miljø og teknologi.....	39

Mengd, rom og form	40
Etikk, religion og filosofi	41
Nærmiljø og samfunn.....	42
Haugeliasangen	43
Avslutning.....	44

Forord

Vi ynskjer alle barn og føresette velkomne til eit nytt og innhaldsrikt år i Haugelia barnehage.

Verksemda vår er basert på Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar. I barnehagelova finn vi det regelverket som gjeld barnehagen. Rammeplanen er ei forskrift til lova som gir retningsliner for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåve. Desse to dokumenta utgjer barnehagen sitt samfunnsmandat. Årsplanen er barnehagen sitt overordna pedagogiske dokument og er fastsett av barnehagen sitt samarbeidsutval. Planen er eit forpliktande arbeidsverkty for personalet og eit dokument som viser foreldra kva tilbod barna får i barnehagen.

I januar 2021 fekk barnehagane eit nytt regelverk for barnehagemiljøet. Det er ei ny mobbelov som skal sikre at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Dette er no «satt i system» meir enn tidlegare. Det er innført ei aktivitetsplikt og vidare evt. handlingsplan for personalet. Vi har jobba, og jobbar kvar dag, for at alle barn skal ha det bra. Det førebyggjande arbeidet vi gjer i kvarden er med å hjelpe oss i dette. Vi brukar blant anna ASK, PALS, vennebøkene, og ikkje minst er vi saman med barna og ser dei kvar dag.

Innanfor desse rammene har dei pedagogiske leiarane, i samarbeid med sine medarbeidarar og barna på avdelingane, stor handlingsfridom. Dei brukar seg sjølve, sin kunnskap og erfaring for å skape gode dagar fulle av gode barndomsminner, tilpassa det einskilde barn.

Dei pedagogiske leiarane lagar månadsplanar for kvar månad. Desse får de i Vigilo samt at dei blir hengt opp i garderoben saman med fokusområdet i PALS. De som foreldre kan dermed halde dykk oppdatert på kva barnet ditt skal vere med på, og det er eit godt utgangspunkt for gode samtalar når dagen er over. På slutten av kvar månad får de også månadsbrev i Vigilo der dei tek ei oppsummering av månaden som har vore.

Barna har allereie funne sin plass i barnegruppene og kome godt til rette. I september byrja vi med faste opplegg og aktivitetar knytt til tema og fagområda i rammeplanen.

Vi har ei flott barnegruppe og foreldregruppe og gler oss til eit nytt og innhaldsrikt år der eit godt foreldresamarbeid er viktig for å oppnå det beste for alle. Har de spørsmål eller lurer på noko må de vere flinke til å ta kontakt med oss i barnehagen.

Vi har som mål å stadig vere i utvikling og gler oss til eit nytt barnehageår!

Barnehagelova

I følgje barnehagelova skal barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Viktige verdiar er respekt for menneskeverdet og naturen, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettigheitene.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.



Rammeplan for barnehagen

I følgje rammeplanen skal innhaldet i barnehagen vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarn og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng, og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respektert. Dei skal få den hjelpe og støtta dei har behov for og personalet skal leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, der eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik, både åleine og saman med andre.

Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

Barnehagen sitt innhald skal som dykk ser vere allsidig og variert, og årsplanen vår byggjer på barnehagelova og føringane i rammeplanen.



Haugelia barnehage

Haugelia barnehage vart utbygd og starta opp i 1990 etter eit privat initiativ frå foreldregruppa i Gjerdsvika, Haugsbygda og i Gurskebotn. Barnehagen vart drive av ein foreldrestyrt stiftelse dei første fire åra. I 1994 vart Haugelia ein kommunal barnehage med Sande kommune som eigar og drivar av barnehagen. Den var då godkjent for 18 plassar. I 2009 blei det bygd på ei halv avdeling, noko som gjorde at barnehagen var godkjent for 24 plassar. I november 2018 blei vi ein toavdelingsbarnehage, då det blei påbygd ei småbarnsavdeling. Etter dette var barnehagen godkjent for 36 plassar, men utvida til 40 plassar i januar 2019. Dette barnehageåret er vi 32 barn og 40 plassar, og vi har ei lang venteliste.

Haugelia barnehage ligg i Haugelia byggjefelt i Haugsbygda, Gursken. Barnehagen ligg midt mellom fjell og fjøre, noko som gir tilgang til eit unikt naturområde.

Opningstida til barnehagen er frå kl. 07.00-16.30 måndag til fredag. Dersom nokon har behov for lengre opningstid ein dag må dei gi beskjed til personalet seinast dagen før.

Telefonnummeret til barnehagen er: 902 26 980 (Leikekroken) og 482 59 377 (Armkroken).

Haugelia barnehage skal vere ein brukartilpassa barnehage med barnet i sentrum. Vi skal ha fokus på gode, trygge og stabile rammer for barn, foreldre og tilsette der dagane er prega av glede, humor, leik og trivsel. Barna skal få gode lærings- og utviklingsmoglegheiter, og dei vaksne skal utvikle seg i takt med samfunnet.

Utan god **omsorg** og **leik**, kan vi ikkje fremme **læring** og **danning**. Desse **fire nøkkelorda** går hand i hand, gjennom alle aktivitetar i barnehagen.



Felles visjon for barnehagane i Sande

«Barnehagane i Sande kommune vil i samarbeid med heimen gi barna ein trygg start på den livslange læringa i utdanningssystemet. Vi vil gi dei erfaringar og opplevingar som fører til ei positiv tilknyting til nærmiljøet, og gjere dei i stand til å ta vare på seg sjølve og kvarandre».

Samarbeid barnehage/skule/helsestasjon/heim

I Sande kommune har vi ein felles plan når det gjeld overgang barnehage/skule. Eit godt samarbeid mellom barnehage, skule og helsestasjon er viktig for at barnet skal få ein god start på skuleløpet sitt. Gursken skule har førskuledagar i mai det året barnet skal byrje på skule. Barnehagen må innhente løyve frå foreldra for å gi informasjon om barnet til skulen og til helsestasjonen. I løpet av mai/juni har barnehagen, skulen og helsestasjonen eit samarbeidsmøte i høve førskulebarna. På dette møtet er som regel rektor, kontaktlærar, helsesjukepleiar, einingsleiar og pedagogisk leiar.

I Sande kommune har vi foreldreskule der alle foreldre som har barn som skal byrje på skule møtast to kveldar på våren og to kveldar på hausten. Formålet er at foreldre skal få meir kunnskap om innhaldet i skulen, få betre kjennskap til det tverrfaglege arbeidet i kommunen og dei ulike hjelpeinstansane, og bli betre kjent med kvarandre for å støtte opp under arbeidet i opplæringa til klassa som gruppe. De vil få meir informasjon om dette etter kvart.

Foreldremøte

Foreldremøte på hausten i år vert felles for alle barnehagane i Sande. Dette vert eit fagleg foreldremøte. Difor vil vi i september sende ut eit informasjonsskriv med generell informasjon som gjeld foreldra i Haugelia barnehage.

Foreldresamtalar

Foreldre vil få tilbod om to foreldresamtalar per år. Ein på hausten og ein på våren. Samtalen på hausten er obligatorisk, medan den på våren er frivillig dersom ikkje personalet meinar noko anna. Dei som har førskuleungar skal på begge samtalane. Det er individuelle samtalar der foreldre og pedagogisk leiar utvekslar informasjon om barnet. Vi reknar 30 minutt per samtale.



Praktiske opplysningar

Foreldrebetaling:

De betalar for elleve månadar i løpet av eit barnehageår. Foreldrebetalinga forfall rundt 25. i månaden. Vi har syskjenmoderasjon. Det er Sande kommune som sender ut faktura. Manglande foreldrebetaling fører til inkasso og oppseiling av plass.

100% (5 dagar) kr. 1500,- + mat kr. 450,-

80% (4 dagar) kr. 1200,- + mat kr. 360,-

Barn som har delte plassar kan kjøpe ekstra dag dersom det passar. Ta kontakt med personalet dersom det er aktuelt. Personalet vurderer situasjonen ut i frå talet på barn og tilsette. Det kostar 258 kr og det blir fakturerert av Sande kommune.

Om ein ynskjer å seie opp plassen er det ein månads oppseilingstid. Det er ikkje høve til å ta ut barn etter 1. april utan å måtte betale for heile barnehageåret.

Fråvær:

Dersom barnet er sjuk eller skal ha fri, **skal** vi ha beskjed om dette. Det er også fint om de gir beskjed dersom barnet kjem seinare enn kl. 09.30 eller blir henta tidlegare enn vanleg, i tilfelle vi skal på tur eller liknande. Blir barnet henta av andre enn foreldra, skal barnehagen ha informasjon om kven. Gi beskjed ved levering eller send ei melding i Vigilo.

Mat:

Det vert servert frukost, lunsj og ettermiddagsmåltid i barnehagen. Frukosten sluttar kl. 08.45 på begge avdelingar.

Lunsjmåltidet er frå kl. 10.30 på Armkroken og kl. 10.45 på Leikekroken. Ettermiddagsmåltidet er eit mindre måltid som byrja kl. 13.30 på Armkroken og kl. 13.45 på Leikekroken. Barna på Armkroken og Leikekroken har med drikkeflasker med vatn som står tilgjengeleg for dei gjennom dagen.

Sjukdom:

Ved sjukdom skal barnet vere heime. Eit barn treng ikkje nødvendigvis å ha feber for å vere sjuk, allmenntilstanden er avgjerande. Ved magevirus (oppkast/diare), **SKAL** barnet vere heime frå barnehagen minst 48-timar etter siste symptom.

Kle:

Barnet treng kle tilpassa dei ulike årstidene. Dress, regnkle, støvlar, sko, hue, vottar m.m. I korga treng det minst to kleskift (gensarar, t-skjorter, buksar, strømpebukser, lestar og truser). Viktig at alt av kle og sko blir merka med namn. Alle ytterkle skal takast med heim fredagar i partalsveker, og elles når det er behov. Foreldra kjøper bleier til dei som treng det. Vi ynskjer ikkje up&go bleier. Personalet gir beskjed når dei treng meir. De må ta med solkrem og evt andre kremar sjølv.

Bursdagar:

Når barnet har bursdag flaggar vi i barnehagen. Vi markerar dagen med å ha bursdagssamlingar der barnet får sitje på bursdagsstol med krone og kappe, dei andre barna syng bursdagssong og vi «skytt» opp bursdagsraketter ut i frå kor mange år barna blir. Etterpå får barnet velje seg ut ei lita gåve frå skattekista som det får ta med heim. Døme på dette kan vere klistermerker, såpebobler, bilar, hårklemmer, armebånd, dyrefigurar m.m. Foreldra tek ikkje med noko.

Når det gjeld bursdagsfeiring på fritida bør ein ta dette utanom barnehagen. Det er alltid trist å ikkje bli invitert i selskap.

Soving:

Barn som skal sove på dagtid må ha med vogn og vognpose tilpassa årstida.



Vigilo:

Vi nyttar Vigilo som kommunikasjonskanal til dykk foreldre. I Vigilo sender vi ut meldingar, «dagen-i-dag», månadsplan, månadsbrev, årsplan og anna nødvendig informasjon. De foreldre skal også sende melding og melde fråvær til barnehagen i Vigilo. De kan lese meir om dette på heimesida til Sande kommune.



Forsikringar

Gjennom KLP er barn i barnehagen ulukkeforsikra. Forsikringa dekkjer varig medisinsk invaliditet, dødsfall på grunn av ulykker og behandlingsutgifter. Behandlingsutgifter vert dekt når meirutgifter til lege/tannlege kan dokumenterast.

Førskuleopplegg

Vi har førskuleklubb ein dag i veka. Vi brukar opplegget Trampoline. Aktuelle tema gjennom barnehageåret er: meg og deg, mønster, former, måling, tal, plassering, sortering, stavingar, rim, symbol og bokstavar. Det er pedagogiske leiarar som har førskuleklubb og i år er dei åtte barn.

Førskulegruppa skal på førskulebading på Sunnmørsbadet i Herøy. Dei tilsette ved Sunnmørsbadet er instruktørar og dei tilsette frå Haugelia barnehage er i vatnet saman med barna. De får nærmare beskjed om kva barnet treng å ta med og datoar for bading framover.

I samarbeid med Kulturskulen og Gursken skulekorps får førskulegruppa prøve ut pBuzz i barnehagen. PBuzz er eit fargerikt blåseinstrument i plast. Munnstykket er om lag som på ein kornett, og skal vere lett å blåse på for barn. Jette og Susann frå Kulturskulen kjem til barnehagen med eit opplegg for gruppa, der målet er enkel musisering gjennom rytmelek og pBuzz-instrument.



Samarbeidsinstansar

Vi samarbeider med mange instansar for å kunne gi barn det beste i tida fram til skulestart og sikre tidleg intervensjon for barn med ulike behov. Våre samarbeidsinstansar er PPT, barnevern, helsestasjon, skulen og BUP.

Vurdering/dokumentasjon

Personalet observerer og vurderer dagleg sitt arbeid. Vi observerer og deltek i barna sine aktivitetar og vurderer våre handlingar, møte og samspel med barna fortløpende. Vurdering skal vere til hjelp for personalet i vidare planlegging. Vurdering kan bidra til å sikre at utviklinga av barnehagen skjer på ein bevisst måte. Både barna, personalet og foreldra har erfaringar og opplevingar frå livet i barnehagen som det er viktig å utnytte aktivt. Det er viktig at barna får delta i vurderinga av sitt eige leike- og læringsmiljø, og oppleve at det dei meiner vert teke på alvor. Observasjon og dokumentasjon utgjer ein viktig del av grunnlaget for ei meir heilskapleg vurdering. Fylgjande skal vurderast:

1. Barna sin trivsel og utvikling, og evne til å utvikle venskap
2. Barnegruppa si fungering i leik og sosialt samspel
3. Barnehagen sine rutinesituasjonar og tradisjonar
4. Vurdering av eigen praksis og samspel barn/vaksne/yrkesetikk
5. Språkleg utvikling
6. Vårt arbeid med sosial kompetanse



Årsplanen skal vurderast og justerast årleg i forhold til samfunnet sine krav til endring og utvikling av barnehagen.

Måloppnåing samt vår yrkesetiske ståstad i forhold til pedagogisk grunnsyn skal diskuterast og vurderast. Barnehagen har som mål at foreldra skal vere nøgde med det tilbodet som barnehagen gir.

Kartlegging

Alle barn utviklar seg i eige tempo på ulike områder. Vi samanliknar difor kvart barn med seg sjølv og si utvikling, på same tid som vi følgjer godt med kvart barn om det treng ekstra stimulering og utfordring.

Det er heilt nødvendig for oss som har ansvar for barna sin vekst og utvikling, å ha ulike verkty. Å observere barn er noko som skjer kontinuerleg, og i Sande kommune kartleggjer vi alle barn.

Vi brukar kartleggingsskjema som TRAS (tidleg registrering av språk), ALLE MED (sosial kompetanse), MIO (matematikk) og OMGREPSLÆRING. Omgrepsslæring brukar vi kun på førskulegruppa.

Planleggingsdagar

Måndag 5. august, torsdag 26. september, torsdag 2. januar, tysdag 11. mars og fredag 30. mai.

Feriestengt

Barnehagen er stengt i veke 28-31 grunna sommarferie. I tillegg er barnehagen stengt onsdagen før påske og i romjula.

Parkeringsplass:

Husk å alltid lukke porten når de kjem eller fer frå barnehagen. Bilane skal ikkje stå på tomgang medan barna blir levert og henta. Vi oppmodar også om å rygge bilane på plass. Desse faktorane vil vere med på å heve barna si sikkerheit.



Satsingsområder

PALS

Haugelia barnehage er ein PALS barnehage. PALS er ein systematisk arbeidsmodell som er utvikla av åtferdssenteret i Oslo. Målet er å styrkje barna sin sosiale kompetanse og førebyggje og meistre problemåtferd. PALS står for: **POSITIV Å(A)TFERD, STØTTANDE LÆRINGSMILJØ OG SAMHANDLING.** Dei vaksne skal leggje vekt på positiv involvering og oppmuntring. **Hovudfokuset er å sjå og verdsetje god åtferd.** Når barna opplever at dei vaksne set same grenser for mobbing og asosial åtferd, vil dette i seg sjølv verke førebyggjande. Negativ åtferd skal få milde reaksjonar som er kjende på førehand. Viktig at dei vaksne til ei kvar tid rettar merksemnda mot ønska åtferd. Skulen jobbar også med PALS, så dette vil fylgje barnet under heile oppveksten, noko som vi ser på som bra!

Grunnleggjande reglar:

VIS RESPEKT

VIS OMSORG

TA ANSVAR



Realfag

Realfag er ein samlebetegnelse for fag som matematikk, fysikk, kjemi, biologi, astronomi, geofag og informasjonsteknologi.

Arbeid med realfag i barnehagen tek utgangspunkt i Rammeplan for barnehagar og skal vere ut i frå barna sine premissar.

Det er først og fremst fagområda «Mengd, rom og form» og «Natur, miljø og teknologi» som gir rammer for barnehagen sitt realfaglege arbeid, men andre fagområder sjåast også i samanheng der det er relevant. Barnehagen skal bidra med å styrke kompetansa som det einskilde barn seinare skal vidareutvikle i opplæringa.

Eit undrande, engasjert og leikande personal er viktig. Realfag i barnehagen skal vere «leikbasert» læring. Så vi jobbar med realfag både spontant, men også planlagt. Barn skal få utfolde skaparglede, undring og utforskertrang. Dei skal få grunnleggjande og relevant kunnskap, og utvikle ferdigheiter gjennom dagleglivet sine hendingar i samvær, leik og strukturerte aktivitetar. Målet er å auke barna si læring og motivasjon i matematikk og naturfag.



BTS – Betre Tverrfagleg Samhandling

I Sande kommune arbeider vi etter satsingsplanen BTS – Betre Tverrfagleg Samhandling. Dette gjer vi for å sikre at alle barn og unge skal få den hjelpa dei treng. Kommunane er pålagde ved lov å samordne tenestetilbodet på tvers av etatane og tenesteområda. Vi skal samarbeide, og BTS er såleis ei satsing for å pålegge og strukturere denne samhandlinga i Sande kommune.

I denne satsinga gjer vi oss nytte av ein reiskap som heiter Betre Tverrfagleg Innsats (BTI), ein utarbeidd handlingsrettleiar som skal sikre at alle får den hjelpa dei treng, på det nivå som trengst og på tvers av tenestestrukturen i kommunen. BTI er ein modell for prosedyrar og samordning av tenester, for å yte hjelp til gravide, born, unge og foreldre som har eller kan ha bruk for det. BTI-modellen skal sikre tidleg innsats, samordna tenester og brukarmedverknad.


Grunnmodellen (fire ulike nivå):

Nivå 0: Her avklarar vi om det er grunn til uro

Nivå 1: Skildrar tiltak innanfor kvar einskild teneste

Nivå 2: Skildrar enkelt tverrfagleg samarbeid mellom fortrinnsvis to tenester

Nivå 3: Skildrar meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester



[Kva er Betre tverrfagleg samhandling \(BTS\)? - BTS \(sande-mr.kommune.no\)](http://Kva%20er%20Betre%20tverrfagleg%20samhandling%20(BTS)%20-%20BTS%20(sande-mr.kommune.no))

Barn og unges helseteneste

Barn og unges helseteneste er også ei satsing og eit verkty vi nyttar, og det består av sju samhandlingsforløp for dei vanlegaste psykiske plagene hos barn og unge. Målsetjinga er å sikre samanhengande tenester mellom kommunar og spesialisthelsetenesta for barn og unge med psykiske lidingar, og gi dei «rett hjelp – på rett stad – til rett tid.»

Dei sju samhandlingsforløpa er:

- Angst og bekymring hos barn og ungdom
- Autismespekterforstyrring hos barn og ungdom
- Bekymring for barn 0-3 år
- Kroppsleg uro og merksemdvanskar hos barn og ungdom
- Spisevanskars og spiseforstyrningar hos barn og ungdom
- Triste følelsar og depresjonsplager hos barn og ungdom
- Vald, overgrep og omsorgssvikt

<https://www.helse-mr.no/avdelinger/klinikk-for-psykisk-helse-og-rus/avdeling-for-psykisk-helsevern-barn-og-ungdom/barn-og-unges-helseteneste>

Inkludering

Inkludering er ei av satsingane i Sande kommune og handlar om at alle skal ha eit trygt, inkluderande og lærande miljø i barnehage og skule. Inkludering handlar om å tilpasse læringsmiljøet til mangfaldet blant barna, og gi alle ei reell moglegheit til å delta i det faglege og sosiale fellesskapet.

Vi ynskjer at alle skal vere ein del av barnehagen sitt læringsfellesskap. Det inneber at alle har ei oppleving av sosial tilhøyring, og at det pedagogiske tilbodet er tilpassa den enkelte sitt behov og føresetnadar, slik at alle får moglegheit til menneskeleg og fagleg utvikling. I arbeidet med inkludering nyttar vi blant anna kompetansepakken om inkluderande praksis ([Kompetansepakke om inkluderende praksis | udir.no](#)) og Mitchells sine ti faktorar i barnehagen (<https://www.statped.no/temaer/inkludering2/david-mitchells-ti-faktorer-i-barnehagen/>).

Fokusområda til kommunen innanfor dette temaet er:

- Språk, kommunikasjon og leseutvikling
- Analyse og kvalitetsutvikling
- Felles forståing for inkluderande praksis
- Lærande profesjonsfellesskap ved bruk av refleksjon som metode

Alle menneske treng å vere ein del av eit fellesskap, og sosial tilhøyring er ei viktig ramme for læring og utvikling både for små og store.

ASK – Alternativ og supplerande kommunikasjon

ASK står for alternativ og supplerande kommunikasjon og er ei felles satsing i Sjustjerna og høgskulen i Volda. Det er bestemt at dette er noko vi skal bruke på alle barna i barnehagen, og i løpet av barnehageåret skal vi ha både digitale og fysiske møter med Sande-barnehagane og høgskulen i Volda der vi har refleksjonar m.m. rundt bruken av ASK i barnehagen.

ASK er eit reiskap for barn og vaksne som må bruke andre former enn tale i direkte kommunikasjon med andre. Alle treng språk for å utvikle seg, og ASK kan vere barna og dei vaksne sitt språk og måte å uttrykke seg på. ASK kan vere ei erstatning for tale, støtte til å utvikle tale og eit supplement til låg eller utsydeleg tale.

Barnehagen skal gi barna tilgang til dei orda dei treng for å uttrykkje seg og lære, gi støtte for utvikling av kommunikative og språklege ferdigheiter gjennom bruk av ASK, og bruke handteikn og grafiske symbol i dagleg samspel- og læringssituasjoner. I tillegg skal barnehagen tilpasse språkopplæringa og legge til rette for at barna får utforske, leike og lære om bokstavar, bokstavlydar, ord, lesing og skriving.

ASK er ei nemning på eit pedagogisk og tverrfagleg fagområde som rommar kunnskap om kva som skal til for at barn med behov for ASK kan kommunisere best mogleg.



Armkroken – «Kanin og Pinnsvin»

I år vert «Kanin og Pinnsvin» tema på Armkroken. Ved å bli godt kjende med dei, og ved å nytte det pedagogiske verktøyet «Snakkepakken året rundt», skal vi innom dei sju fagområda i rammeplanen. Vi tek også føre oss tre av våre mest kjende og kjære eventyr; Bukkane Bruse, Skinnvotten, og Gullhår og Dei Tre Bjørnane.

Kanin og Pinnsvin leikar saman kvar dag. Sjølv om dei er gode vennar opplev dei av og til å bli litt uvennar. Vennebøkene kan hjelpe oss med å finne løysingar til ulike situasjonar. Der er ti små vennebøker med Kanin og Pinnsvin som alle tek føre seg kvar sitt tema innanfor sosial kompetanse. Vi har valt ut fire av bøkene som vi skal jobbe med, då vi tenkjer at dei er alderstilpassa barnehgruppa på Armkroken. Vi skal samarbeide, dele, vente på tur og seie stopp. Gjennom lesing, dramatisering og forteljing skal vi gi barna gode idear, ulike erfaringar og tankar om korleis vi skal vere med- og mot kvarandre. Mykje av dette kjem også til nytte i PALS-arbeidet vårt – som går hand i hand med tema i vennebøkene.

Vi har som hovudoppgåve å sjå og bli kjend med kvart einskilt barn. Her nyttar vi songglede, omsorg og leik som verktøy. I tillegg skal vi bygge sjølvkjensle og meistringsglede hos barna, samt hjelpe dei å byggje vennskap. Vi nyttar familiehusa og set ord på kropp, kjensler og sansar.



Under samlingane vert det nytta mykje koncretar. Dette er eit verkemiddel som visualiserer ord, aukar forståing og stadfestar forståing. Vi ser at dette fangar merksemda til barna og er til stor hjelp for barna si språkforståing og språkutvikling.

Vi på Armkroken bruker mykje song, musikk, humor og dans – på den måten kan alle ta del. Det er også kjekt at vi har barnehagekor som er viktig for det sosiale samspelet og språk/språkutvikling. Songane vert valt ut etter ynskje frå barna, og i samarbeid med dei vaksne. På denne måten blir barna sin rett til medverknad ivaretatt.

I tillegg kjem vi til å bruke Snakkepakken. Snakkepakken er eit pedagogisk verkty for støtte og inspirasjon til arbeid med språk i barnehagen. Her bruker vi utplukka ord som vi øver på.

Andre språkstimuleringsspel som vi nyttar er bilde-lotto og pang-spel.



Leikekroken – «Året rundt med Tambar»

Dette barnehageåret vil vi på Leikekroken sjå nærare på årstidene og naturen rundt oss – og trollet Tambar skal fylge oss gjennom året. Kvar månad vil vi ha ei ny bok om Tambar. Men kven er Tambar?

Tambar er ein vilter femåring som går i barnehage i lag med bestevennen Gurine. Han likar å reie og leike med Lego. Ein ganske vanleg femåring, bortsett frå at Tambar er eit troll! Når Tambar kjem heim kan han riste laus på trollhalen som han har gøynt heile dagen, og han kan vise fram trollkreftene han ikkje bruker i barnehagen. Bøkene er illustrert med flotte teikningar.

Noko av det vi vil jobbe med er:



- Fast tre vi vil fylgje utviklinga på gjennom årstidene
- Jobbe med naturmateriale vi finn på turar
- Ha vår eigen Tambar i barnehagen som vil vere oppdatert med rett årstid
- Undring og filosofering
- Vennskap og fellesskap



I følgje Rammeplanen skal barnehagen bidra til at barna får eit mangfald av naturopplevingar der dei får oppleve naturen som ein arena for leik og læring. Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å blant anna verne om naturressursane og bidra til berekraftig utvikling.

Ein stor del av barnehagekvardagen er **leiken**. Leiken skal vi dyrke, og gi både tid og rom for. Det er gjennom leiken at barna lærer mest, både om seg sjølv og andre. Det er her vi utviklar best sosial kompetanse. Sosial kompetanse handlar om å kunne kommunisere og samhandle godt med andre i ulike situasjonar. Denne kompetansa er sentral for at enkeltbarn skal lykkast og trivast, og for at det skal bli verdsatt som venn og likeverdig deltakar i samspel med andre barn. Vi har fokus på å vere gode vennar, å ta med andre i leiken og øve oss på å invitere oss sjølve med i leik. Det å kunne setje ord på og regulere kjensler er grunnleggjande for at barn skal føle meistring og tryggleik. Verkty vi vil bruke i arbeidet med **sosial kompetanse** er «Grønne tanker – glade barn» frå Salaby (på dei eldste). Vennskapsbøkene og sjølvsagt PALS.

I følgje Rammeplanen skal barnehagen bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leiken, både åleine og saman med andre.



FORUT Barneaksjon

FORUT Barneaksjon er eit pedagogisk opplegg for barnehagar, barneskular og sfo som handlar om livet til barn i Afrika og Asia. Opplegget bidrar til å dekke viktige mål i Rammeplanen og avsluttast med ein innsamlingsaksjon til FORUT sitt arbeid for trygge barn.

I år handlar det om Hampless som er 6 år og bur i Malawi, som blir kalla «Afrikas varme hjarte». Årets aksjon handlar om Hampless og dei ville sjiraffane, og vi får lære meir om trygge barn, det livsviktige vatnet og ville afrikanske dyr.

Spelemannsvinnarane Silje Sirnes Winje og Maria Solheim står for musikken om Hampless og livet i Malawi.

FORUT ynskjer å skape nysgjerrigkeit og engasjement, bygge toleranse, omsorg og empati, og fokuserer på at barn har ressursar, evner og ambisjonar.

Gjennom filmar, musikk, forteljingar, plakatar og aktivitetar lærer vi om ein spanande og annleis kultur. Her blir det varme fargar, ville dyr, afrikanske rytmar, leik og framande smakar. Vi får kunnskap om kvardagsliv og levesett som er ganske så ulikt det norske, men kanskje er vi ikkje så forskjellege likevel?



Livet&Sånn

Livet&Sånn er ein del av Helsedirektoratet sitt program for folkehelsearbeid i kommunane.

Livet&Sånn skal utvikle og implementere universalførebyggande tiltak. Tiltaka skal gjennomførast som opplæring i folkehelse og livsmeistring for barn og unge, foreldre og tilsette i barnehagar og skular. På nettsida finn ein opplæringsmateriell og andre ressursar for å styrke og fremje psykisk helse, skape trygt og godt miljø og forhindre mobbing.

Livet&Sånn er organisatorisk plassert i pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) i Ålesund kommune, men samarbeidar både med helsestasjonenesta, barn, familie innad i kommunen, men også i andre kommuner. I Sande brukar ein dette som eit reiskap både i barnehagar og skular. De kan lese meir om dette ved å trykke på linken under. Opplegget er inndelt i, barnehage, 1.-7. trinn, 8.-10. trinn, og foreldre og fagpersonar.

[Livet og sånn \(livetogsann.no\)](http://livetogsann.no)



Foreldresamarbeid

I følgje rammeplanen skal barnehagen gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barnas heim.

Barnehagen skal støtte foreldra i oppsedinga av barna. For å få til dette er vi avhengige av eit nært samarbeid med foreldra som må byggjast på gjensidig tillit, openheit og respekt. Gjensidig informasjon mellom heim og barnehage er viktig for at barna skal få eit best mogeleg tilbod. Vi ynskjer at foreldra skal føle seg trygge for at vi ser barna sine behov og at dei skal ha eit aktivt medansvar for barnehagetilboden. Vi som personal skal møte føresette og barn på ein høfleg og venleg måte kvar gong dei kjem i barnehagen. Personalet skal arbeide for å finne balanse mellom respekt for foreldra sine prioriteringar og å ivareta barna sine rettigheter og grunnleggjande fellesverdiar som barnehagen er forplikta til.

I samarbeid med heimen legg vi til rette for at barna skal få ein trygg og god start i barnehagen, og ein god overgang til ny avdeling. I følgje rammeplanen skal personalet sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og personale i barnehagen.

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.



Val av FAU og SU

Foreldrerådets arbeidsutval består av ein leiar og vara for Armkroken og ein leiar og vara for Leikekroken.

Samarbeidsutvalet er eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet består av føresette, tilsette og ein representant frå kommunen. Einingsleiar er sekretær i samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg om saker som vedkjem barnehagen. Til dømes vedtektsendringar, opningstider, foreldrebetaling m.m.

Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) 2024/2025

- Leiar for Armkroken: Louise S. Gotten
- Vara for Armkroken: Åse-Lill Vik
- Leiar for Leikekroken: Remi N. Hauge
- Vara for Leikekroken: Ina-Diana Nessen

Samarbeidsutvalet (SU) 2024/2025

- For foreldra: Sara F. Wiik
- For kommunen: Marthe L. Strandbakken
- For personalet: Helga K. Sætre
- Leiar/sekretær: Lisbeth Nykrem



Armkroken

Armkroken er ei avdeling for dei minste barna i Haugelia barnehage.

På Armkroken er tilbodet tilpassa 0-3 år.



Dagsrytma:

- 07.00 Barnehagen opnar
- 07.00-08.45 Frukost/Frileik
- 09.00 Uteaktivitet
- 10.10 Samling
- 10.30 Måltid
- 11.00 Bleieskift/Toalett
- 11.30 Sovetid/Uteleik
- 13.30 Ettermiddagsmåltid
- 14.00 Bleieskift/Toalett
- 14.30 Leikegrupper
- 16.30 Barnehagen stengjer

Leikekroken

Leikekroken er ei avdeling for dei eldste barna i Haugelia barnehage. På Leikekroken er tilbodet tilpassa 3-6 år.



Dagsrytma:

- 07.00 Barnehagen opnar
- 07.00-09.00 Frileik
- 07.45-08.45 Frukost
- 09.00 Aktivitet
- 10.00 Bleieskift/Toalett
- 10.15 Samling
- 10.45 Måltid
- 11.15 Uteleik
- 13.30 Bleieskift/Toalett
- 13.45 Ettermiddagsmåltid
- 14.15 Leikegrupper
- 16.30 Barnehagen stengjer

Fagområda i rammeplanen

Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver (Kunnskapsdepartementet, 2017) gir ein forpliktande ramme ovanfor personalet for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen sin verksemd. Vi ynskjer her i årsplanen på ein kort og punktvis måte å leggje fram korleis vi gjennom året jobbar med rammeplanen sine sju fagområder. Sjølv om vi no delar innhaldet inn i fagområder så vil desse fagområda overlappe kvarandre i stor grad og gå igjen i alt vi gjer. Vi vil også tilpasse alt vi gjer ut i frå barnas alder, utvikling og føresetnadar.

I tekstboksene under kvart fagområdet finn de dømer på kva aktivitetar vi gjennomfører som tek utgangspunkt i dei ulike fagområda.




Kommunikasjon, språk og tekst

I Rammeplanen står det:

«Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfold av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigkeit, bevisstheit og utvikling.»

- «Kanin og Pinnsvin»
- «Året rundt med Tambar»
- FORUT
- PALS
- ASK
- START
- Livet&Sånn
- Songar
- Bøker/Lesegrupper
- Samlingar
- Rim og reglar
- Flanellograf
- Setje ord på det ein ser
- Bilete og tekst på avdelinga
- Førskuleklubb



Kropp, rørsle, mat og helse

I Rammeplanen står det:

«Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnadar. Gjennom medverknad i mat og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse»

- «Kanin og Pinnsvin»
- «Året rundt med Tambar»
- FORUT
- START
- Livet&Sånn
- Uteområdet vårt
- Turar i nærmiljøet
- Varierte måltid/Matlaging
- Kvile/Yoga
- Songleikar, dans og musikk
- Gymnastikk
- Førskulebading
- pBuzz



Kunst, kultur og kreativitet

I Rammeplanen står det:

«Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrslse, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk.»

- «Kanin og Pinnsvin»
- «Året rundt med Tambar»
- FORUT
- Formingsaktivitetar
- Naturmateriale i leik og forming
- Bruke sansane/sansekassee
- Drama/visualisering
- Musikk, dans og drama
- Utkledning
- pBuzz




Natur, miljø og teknologi

I Rammeplanen står det:

«Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfold av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhøyrssle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar. Barna skal bli glade i naturen og få erfaringar som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.»

- «Kanin og Pinnsvin»
- «Året rundt med Tambar»
- FORUT
- Utforske og eksperimentere
- Berekraftig utvikling
- Erfare dei ulike årstidene
- Undring over mangfaldet
- Turar i naturen
- Bruk av Ipad og PC



Mengd, rom og form

I Rammeplanen står det:

«Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigkeit og motivasjon for problemløysing. Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling.»

- «Kanin og Pinnsvin»
- «Året rundt med Tambar»
- FORUT
- Tal og teljing
- Bake (oppmåling)
- Måltidet (mengde)
- Spel
- Duplo
- Sortere former, fargar, liten/stor
- Konstruksjonsleik
- Perle



Etikk, religion og filosofi

I Rammeplanen står det:

«Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barna få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.»

- «Kanin og Pinnsvin»
- «Året rundt med Tambar»
- FORUT
- PALS
- Livet&Sånn
- Høgtidsmarkeringar
- Filosofere
- Utvikle toleranse og respekt
- Sosial kompetanse
- Normer og verdiar



Nærmiljø og samfunn

I Rammeplanen står det:

«Barna sin medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrsla til miljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellelege familieformer er ein del av fagområdet.»

- «Kanin og Pinnsvin»
- «Året rundt med Tambar»
- FORUT
- TurboTråkk
- Turar i nærmiljøet
- Fjell, skog, mark og sjø
- Kvar barna bur
- Bossbilen, bussen og postbilen
- Litteraturbåten
- Brannbilen



Haugeliasangen

Mel.: Gøy på landet

Hei, hei her er vi alle sammen, både små og store
Vi kjem så glade hit kvar dag til frukosten rundt bordet
Vi leikar litt, vi lære litt og finne våre venna
Vi malar og vi synge fint og held kvarandre i henda



Ref.:

Haugelia barnehage - her e glede kvar ein dag
Ja, det e det jammen
Haugelia barnehage - venna he det fint i lag

Og vi går tur i skog og mark og vi er mykje ute
Vi lærer tal og nye ord og reiser med vår skute
Og er det noko trist ein dag då finn vi trøyst og kvile
Ein klem er god å få og gi - og snart så kjeme smilet



Ref.:

Haugelia barnehage - her e glede kvar ein dag
Ja, det e det jammen
Haugelia barnehage - venna he det fint

Avslutning



Med desse fine orda ynskjer vi alle eit flott barnehageår!